

NATIONEN

Postboks 9390 Grønland
0135 Oslo

Besøksadresse:
Schweigaardsgate 34 A
www.nationen.no

Sentralbord:
Telefon: 21 31 00 00
Fax: 21 31 00 90
Redaksjonen etter kl. 16.00:
21 31 00 25

Sjefredaktør/daglig leder:
Tove Lie
Direktenummer: 21 31 00 40
tove.lie@nationen.no

Magasin- og kulturredaktør:
Britt Sofie Hestvik
Direktenummer: 21 31 00 65
britt.hestvik@nationen.no

Politisk redaktør:
Erling Kjekstad
Direktenummer: 21 31 00 20
erling.kjekstad@nationen.no

Nyhetsredaktør:
Sveinung Engeland
Direktenummer: 21 31 00 35
sveinung.engeland@nationen.no

Samfunnsredaktør:
Pernille Huseby
Direktenummer: 21 31 00 45
pernille.huseby@nationen.no

Administrativ redaktør:
Carl Hamre
Direktenummer: 21 31 00 16
carl.hamre@nationen.no

Trøndelagskontoret:
Hans Bårdsgård
Mobiltelefon: 911 98 998
hans.baardsgaard@nationen.no

Kato Nykvist
Mobiltelefon: 913 22 017
kato.nykvist@nationen.no

Debattredaksjonen:
Vetle Syverud/Kari Gåsvatn
Direktenummer: 21 31 00 31
debatt@nationen.no

Abonnement og distribusjon:
Man.-fre. fra kl. 08.00 til 15.00
Tlf: 800 80 199
Fax: 21 31 00 92
abonnement@nationen.no

Annonser
Direktenummer: 21 31 44 44
annonser@nationen.no

Rubrikkannonser:
Hverdager fra kl.
08.00 til 16.00
Tlf: 61 35 98 29
Tlf: 61 35 98 30
Fax: 61 35 98 40
annonser@nationen.no



Nationen arbeider etter Vær varsom-plaktens regler for god presseskikk. Den som mener seg rammet av urettmessig avisomtale bes ta kontakt med redaksjonen. Pressens Faglige utvalg (PFU) er klageorgan som behandler klager mot pressen i presseetiske spørsmål. PFU holder til i Oslo, tlf: 22 40 50 40. Epost: pfu@presse.no

DAGENS GJEST

«It's payback time»



«Sorry mate, it's payback time» sa Mark. Me stod ved breidda av Oreti River å såg på den svarte ryggen å ei rettleg storaure på minst 8 kilo. Mark hevda det var hans tur å prøve no, etter å ha gitt alle dei tre føregående sjansane til meg. Ein middels utvikla rettferdssans fortalde meg at han hadde rett.

Etter å ha følgt med i Nationen den siste uka, tykkjest det som produktivismeeliten i norsk landbruk har langt under middels utvikla rettferdssans. Dei har brått opptekt at matprisane er på veg opp. Frå nærast å ha skrapa botnen, er dei i ferd med å nærme seg eit nivå som gjer at verdsbøndene endeleg kan rette ryggen for eit par stunder.

Men dette gjeld som sagt verdsbøndene, altså dei som lever av prisane på verdsmarknaden. Dei som må ha minimum tre ulike produksjonar i fall matvarebørsen fell på ei eller to av varene. Dei som sit på internett og sel lamma før dei er føydde, dei som gamblar på at prisane vil gå opp seinare utpå vinteren for einast å sjå at kjøtet må seljast til spottpris på forsumaren.

Det gjeld med andre ord slike som Paul Turner frå Central Otago på New Zealand, som eg møtte i februar i år. Med 5800 mål, 3000 sau, 1500 hjort og 500 ammekyr er han optimist no, og det har han grunn for å vere. I fjor greidde han omlag 175.000 kroner i årsinntekt, og vart ligande godt under landsgjen-

nomsnittet. Slår prognosen for 2007 til, vil han kunne passere 189.000 kroner i inntekt og dermed vil han så vidt krabbe over det same landsgjennomsnittet. Dette føreset sjølv sagt at prisane på alle produksjonane held seg omlag slik dei gjer nett no og at standardiseringssystemet EUROGAP ikkje innfører utførte standardar som gjer at han må selja hjorten til Asia. Det vil i så fall ikkje vere fyrste gongen i følgje Turner.

Det gjeld også for John Simpson frå New South Wales i Australia. Med 41.800 mål – ja du leste rett – og nær på 9000 kveg greidde han knappe 210.000 kroner i inntekt i fjor. Ei inntekt der tett på ein fjerdedel kom frå knappe 300 mål med vindruer, i følgje kona. Også han ser med glede på framtida. Dette er den industrialiserte verdas minst subsidierte og dermed også det mest konkurranseutsette landbruk. Dei har snart 30 års

røynslar med ein stadigsviktande marknad og no anar dei endeleg von.

At nokre her heime prøver å hause opp den norske «mikrobonden» til å tru at ho no skal kunne velte seg i pengar som fylje av auken i råvareprisane, set meg i same sinnstemning som einast dei beste Monty Python sketsjane greier. I to generasjonar har landbruket på det næraste vore fullstendig avskore frå marknaden. Bønder og bondevenar har argumentert mot «hotshot»-økonomane om kor viktig landbruket har vore for både eine og hitt.

Fyrst som eit tryggingpolitisk verktøy, eit argument som enno gjeld for dei som hugsar at det ein gong var krig i landet, seinare vart det så mykje, mykje meir. Landbruket handla om alt frå busetnad til biologiske og kulturelle verdier. Bonden fortentar meir enn kva maten kostar sa bøndene og

venene deira. Og folket var same. Nær 90 prosent av Noregs befolkning har i årevis sagt seg samde med bøndene og bondevennane.

Det er sjølv sagt ei kjensgjerning at landbruket går viktige tider i møte. Store krav til oppjusteringar av driftsbygningar står for døra og til det trengst det peng. Men dette er ikkje noko nytt. Det er heller ikkje nytt at pengane må kome frå sakleg politisk argumentasjon. Og ikkje er det nytt at me har råd til det heller.

Men bruk berre ikkje matvareprisane som brekkstang, då vil det nye vere at langt færre nordmenn vil stå bak støtta til landbruket. Personleg trur eg den jamne nordmann no tenkjer at dei vil ha att for årelang støtte til norsk landbruk. «It's payback time».

Bjørn Egil Flø er forskar ved Norsk senter for bygdeforskning



OPPGANGSTIDER: Frå nærast å ha skrapa botnen, er matprisane i ferd med å nærme seg eit nivå som gjer at verdsbøndene endeleg kan rette ryggen for eit par stunder, skriv Bjørn Egil Flø. ARKIVFOTO

REPLIKK

Flere debattinnlegg finner du på side 20

Krise eller håp i landbruket?

■ Det har vore fleire utspel om landbrukspolitikken som følgje av at kornprisane har stige uvanleg mykje i det siste. Enkelte vonar at bøndene i Noreg og skal få del i denne prisauken på sine landbruksprodukt. Eg trur det trengst forklarast at landbrukspolitikken ikkje berre gjeld inntektene til bønder.

Det ligg mykje sosialpolitikk i matvareprisane. Alle land med ei viss utvikling subsidierar landbruket. Det er mest for at forbrukarane med dårleg råd skal få billeg mat, men det hindrar ikkje at dei rike får dei same subsidiane. Dessutan vil alle land verna sin eigen matproduksjon av sikringsomsyn.

I Noreg er det stor grad av kulturlandskapsargumentasjon knytt til landbrukspolitikken. Sist i rekkja av omsyn kjem økonomien til bøndene. Økonomien er laga so dårleg av politikarane og fagforeiningane til landbruket, for at talet på bønder skal gå ned. Dermed får ein rasjonalisering.

Per Olaf Lundteigen ynskjer innspel til tiltak og forslag til Stortinget. Han var ikkje villig til å utfordre Stortinget då han sjølv var fagforeiningsleiar. Då var det om å gjera å halda seg strengt til det jordbruksavtalen heimla. Seinare har både skattar og avgifter vorte reduserte etter innspel frå forhandlarane.


Med omsyn til den politiske viljen han snakkar om, so skreiv mellom anna Nationen om at det første året var finansministeren som avgrensa løyvinga over jordbruksavtalen. Andre året var det statsministeren. Landbruksministeren vart, som mange andre ministrar, overkøyrte av desse to.

Bygdeforskar Dag Jørund Lønning meiner det ikkje er heilsvart i landbruket, når ein ser på alle sideverksemdene til bøndene. Men det er landbruksøkonomien som tel når ein skal halda landbruksareal og bruk i drift, ikkje sideyrke. Sentraliseringa er framleis sterk og styrt av regjeringa. Hans Golten, Skogsvåg

NATIONEN.NO

Anne B. Ragde tok kunsthevn ved å bryte seg inn i Litteraturhuset i Oslo og klistre opp tegninger av seg selv. Vi har spurt leserne på nationen.no om Ragde burde vært blant de 36 forfatterne som er avbildet i en collage på Litteraturhuset.

Her er svarene:



Totalt antall stemmer: 209